

1 **Boligpolitikk for bygda**

2

3

4 Senterungdommen ønsker bosetting og utvikling i heile landet. Dagens regelverk set ein effektiv
5 stoppar for dette.

6

7 Slik det er i dag får ein ikkje skilje frå tomter utan at det er i samband med feltutbygging. Det vil
8 altså seie minimum tre tomter, reguleringsplan og tilkopling til kloakkreinskeanlegg. I praksis gjev
9 dette så dyre tomter at ingen er interessert i å kjøpe dei. Det er og ganske sjeldan marknad for å
10 selge så mykje som tre tomter i slengen i grisgrendte strøk. Boligkjøparar tør ikkje investere mykje
11 pengar i bolig dei neppe kan få solgt vidare til same pris, og utbyggarar tør ikkje satse på
12 utbygginger der det er usikkert om dei får solgt nok tomter til å tene inn att utbyggingskostnaden,
13 Kravet om tilknytning til etablerte kollektivtilbod blir også ganske malplassert, sidan slike tilbod er
14 nokså fråverande i store delar av Bygde-Noreg, og spreidd arbeidsmarknad uansett gjer bilen
15 naudsynt i pendlarkvardagen.

16

17 Reglane er nok meint godt. Men dei er heilt klart malplassert når ein kjem til område der
18 utbyggingspresset er fråverande og arbeidsmarknaden skrinn. Bygdas store fortrinn med god plass
19 til alle, nær natur og oppvekstområde der barn og unge kan utfolde seg fysisk blir snudd bak fram. I
20 praksis blir det eit byggeforbod. Og kva skjer når ein ikkje får muligheit til å bygge nye hus? Jo da
21 går ein også glipp av alle som ønskjar å bo i nye hus. For kommunar og distrikt som treng kvar
22 einaste innbyggjar er dette ein langsam død. Og for ungdom som ønskjar å etablere seg i
23 heimkommunen blir det umulig. Ungdomen tvingast til å flytte til sentrale strøk der utbygginga går
24 av seg sjølv og det stadig er nye boligar til sals. Heime på bygda sit mor og far med nok eigedom til
25 å skilje ut tomter til både eigne ungar og tilflyttarar, men utan muligheit til å la poden sjølv
26 bestemme kvar huset skal stå, og utan muligheit til å få det til med ein pris som gjer det attraktivt
27 for tilflyttarar.

28

29 Senterungdommen forventar at regjeringa tar tak i denne problemstillinga og legg til rette for auka
30 boligbygging på bygda!

31

32 Innsendt av Buskerud Senterungdom og Hordaland Senterungdom